

Orientering på NM i speiding 2010

Ansvarleg: Sveio Orienteringslag

Kart: Byheiane, Haugesund Idrettslag, Orienteringsgruppa.

Gjennomføring:

På oppfordring frå NM-komiteen vil orienteringsøvinga ved NM 2010 ha ein litt annan form enn ”vanlig” orienteringsløp. I motsetnad til eit ”vanleg” løp der deltakarane skal finne fram til innteikna postar på kartet skal nå deltakarane gå ei merka løype og sjølv teikne inn dei postane dei finn langs løypa på kartet.

På denne måten tvinges deltakarane til å følgje med på kartet og vil ikkje ha noko igjen av å bare følgje etter andre deltakarar. Ein vil og tru at deltakarane med dette vil lære seg å bruke kartet på ein meir aktiv måte.

Poenggiving:

Løypa vil bestå av 10 postar som alle gir maksimalt 5 poeng, så for å oppnå maksimal poengsum (50 poeng) på alle 10 postane vera teikna inn på rett kartsymbol på rett plass på kartet. Det vil og vera mulig å få 2,5 poeng viss ein teiknar inn posten i nærleiken av der posten er på kartet, men ikkje treff nøyaktig på kartsymbolet, men innanfor ein større sirkel.

Tid:

Deltakarane vil starte med 2minutt intervall og vil så ha 60 minutt på å gjennomføre løypa. Brukar deltakarane meir enn 60 minutt vil dei bli trekt 1 poeng for kvart halve minutt dei er over tida.